Sunnfjord kommune

Slåtten skule, Angedalsvegen 71, Førde

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET (SU) OG SKULEMILJØUTVALET(SMU) VED SLÅTTEN SKULE**

**Samarbeidsutvalet:** Christian Moltu, Jeaneth Rosnes,– Gabriel Stavland (leiar for elevrådet), Karoline Grov Evebø (nestleiar for elevrådet), Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

**Skulemiljøutvalet:** Christian Moltu, Jeaneth Rosnes, Torje Hirth, Hjørdis Vik, Gabriel Stavland, Karoline Grov Evebø, Siri Walle Øen, Bernt Norevik, Marianne Einevoll, Liv Horvei og Turid Irene Hatlem.

**Tid: Onsdag 24. november 2021 kl. 18.00 – 18.50**
**Møtestad: Konferanserommet, Slåtten skule**

**Desse møtte:**
Gabriel Stavland, Karoline Evebø, Turid Irene Hatlem, Marianne Einevoll, Liv Horvei, Siri Walle Øen, Bernt Norevik

**Sak 5/21 Konstituere (SU/SMU)**

Leiar: Christian Moltu
Nestleiar: Jeaneth Rosnes
Skrivar: Bernt Marifjæren Norevik

**Sak 6/21 Konsekvensar ved uakseptabel åtferd.**

Vi har ikkje landa på desse, verken kva eller korleis. Foreløpig ser det ut til at gevinsten er at både elevar og personale er meir skjerpa. Vi har framleis atferd og situasjonar som ikkje burde oppstå, men generelt har vi ikkje *mykje* av slikt. Vi må ha realistiske mål i arbeidet.

På møtet diskuterte vi behov for å eventuelt sende heim felles informasjon om arbeidet elevrådet og skulen gjer i denne samanhengen.

Vi har hatt nullmobbedag (1.-4.steget) etter forslag frå elevrådet.

## Sak 7/21  Utleige av gymsal 2021 – 2022.

I retningslinjene for utleige av gymsal skal barn og unge prioriterast.

Skulen leiger ut gymsal gratis til bursdagar der heile klassar eller alle jentene/gutane er inviterte.

| 22 | 23 | 24 | 25 | 26 | 27 | 28 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 18:00 Volleyball barn<br>19:00 SportY - ungdom<br>20:30 Volleyball damer | 16:30 Slåtten skulemusikk<br>19:30 Slåtten skule<br>21:00 Vaksentrim | 18:00 Fotball G2012<br>19:00 Fotball G2010<br>20:00 Orienteringsgruppa<br>21:00 Vaksentrening | 17:00 Fotball J8<br>18:00 Friskis og Svettis<br>19:00 Alpingruppa<br>20:00 Innebandy vaksne<br>21:00 Vaksentrim | 17:00 Fotball G2015<br>18:00 Friskis og Svettis<br>19:00 Kampsport | 11:00 Fotball | 15:30 Bursdag<br>19:00 Fotball G 2013<br>20:00 Alpintrening<br>21:00 Vaksentrening |
| **29** | **30** | **1. des.** | **2** | **3** | **4** | **5** |
| 18:00 Volleyball barn<br>19:00 SportY - ungdom<br>20:30 Volleyball damer | 16:30 Slåtten skulemusikk<br>19:30 Slåtten skule<br>21:00 Vaksentrim | 18:00 Fotball G2012<br>19:00 Fotball G2010<br>20:00 Orienteringsgruppa<br>21:00 Vaksentrening | 17:00 Fotball J8<br>18:00 Friskis og Svettis<br>19:00 Alpingruppa<br>20:00 Innebandy vaksne<br>21:00 Vaksentrim | 17:00 Fotball G2015<br>18:00 Friskis og Svettis<br>19:00 Kampsport | 11:00 Fotball | 19:00 Fotball G 2013<br>20:00 Alpintrening<br>21:00 Vaksentrening |

## Sak 8/21  Orientering om resultata frå dei Nasjonale prøvene.

| | Engelsk | | | Lesing | | | Regning | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 5. årstrinn | | | 5. årstrinn | | | 5. årstrinn | | |
| | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | | Alle eierformer | | |
| | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | | Begge kjønn | | |
| Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet | Skalapoeng | Usikkerhet | Antall elever deltatt | Skalapoeng | Usikkerhet | Antall elever deltatt | Skalapoeng | Usikkerhet | Antall elever deltatt |
| − Sunnfjord | 50 | 1,0 | 311 | 50 | 1,0 | 308 | 50 | 1,1 | 313 |
| Bygstad skule | 44 | 3,3 | 17 | 56 | 4,4 | 17 | 54 | 2,5 | 17 |
| Flatene skule | 50 | 2,2 | 57 | 50 | 2,3 | 56 | 50 | 2,8 | 56 |
| Frøysland skule | * | * | * | * | * | * | * | * | * |
| Førde barneskule | 51 | 2,8 | 39 | 50 | 3,0 | 36 | 49 | 2,8 | 40 |
| Holsen skule og barnehage Avd skule | * | * | * | * | * | * | * | * | * |
| Naustdal skule | 50 | 3,2 | 42 | 46 | 2,8 | 42 | 47 | 2,6 | 42 |
| Sande skule | 49 | 3,1 | 30 | 48 | 2,5 | 30 | 49 | 3,9 | 30 |
| Skei skule | 44 | 5,7 | 11 | 43 | 4,5 | 11 | 40 | 2,7 | 11 |
| Slåtten skule | 52 | 2,4 | 48 | 52 | 2,6 | 47 | 55 | 2,2 | 47 |
| Sunde skule | 53 | 3,5 | 25 | 52 | 2,8 | 25 | 54 | 3,7 | 25 |
| Vassenden skule | 45 | 3,5 | 24 | 46 | 3,0 | 24 | 47 | 4,0 | 25 |
| Viksdalen skule | * | * | * | * | * | * | * | * | * |

Slåtten skule ligg over landssnittet både i lesing, rekning og engelsk.

### Nasjonale prøver - 5. trinn

| | Mestringsnivå 1 | Mestringsnivå 2 | Mestringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing | 14,9% | 55,3% | 29,8% |
| Nasjonale prøver 5. trinn, Regning | 2,1% | 53,2% | 44,7% |
| Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk | 14,6% | 47,9% | 37,5% |

Det er få elevar på det lågaste nivået i alle tre prøvene. Vi hevdar oss særskilt godt i rekning.

**Sak 9/21 Orientering om framdrift på Legene.**

Som de kjenner til held vi på Slåtten skule på å restaurere stølshuset på Legene. Erlend Slåtten har det faglege ansvaret og gjer jobben for oss. FAU og grendelaget har ansvar for økonomien. Vi har hittil fått inn kr. 228 000. Det er gjort svært mykje dugnadsarbeid for å legge til rette for arbeidet Erlend Slåtten skal gjere. I tillegg til restaurering av stølen ønskjer vi å bygge eit hus på murane av ei løe som har stått der før. Huset vil vi bruke til overnatting saman med elevane. Vi tenkjer oss at vi kan bruke dagen saman med elevane til å lære om stølsdrift, lage mat på bål og så overnatte der. Løa vil og vere fin til å samle elevane i når vi er der på dagstur. Vi vil derfor gjerne at Løa skal vere tett og med ein vedomn i eine hjørnet.

**Innkome midlar til restaurering av Legene:**

Innkome midlar til restaurering av Legene:
Sparebanken Vest: Søkte om kr 100 000,- FAU Slåtten skule fekk innvilga
kr 68 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane: Innvilga kr 75 000
Sunnfjord kommune: Søkte om kr 63 000,- Søknad handsama i utval for samfunn, kultur og næring den 21.apr. FAU Slåtten skule fekk innvilga kr 10 000,-.

Oktober 2021 fekk vi 75 000 kr til frå Sparebankstiftinga.

Til saman kr. 228 000

**Sak 10/21 Litt orientering om Elevrådet.**

Elevrådet hadde (som nemnd) forslag om nullmobbedag. Rådet har kome med mange forslag til konsekvensar ved uakseptabel åtferd.

Måndag 29.11 er det i regi av elevrådet arrangement ved tuntreet med song av «Tenn lys».

Basketkorgene bak hus 3 er tilbakevendane tema i rådet. Eit problem er at basketkorgene ikkje er like høge. Dette vil skulen forsøke å ordne i løpet av skuleåret.

Elevrådet er positive. Møtefrekvens ca. 1 gong i månaden.

- **Bernt Norevik -**